

PRESSEMELDING FRÅ VILLREINUTVALET FOR NORDFJELLA:

## **KNAPT TREDJEPARTEN AV KVOTEN FELT I NORDFJELLA**

### **426 dyr felt, 30,4 % av kvoten**

Resultatet av jakta i Nordfjella villreinområde i år vart heller labert. Av ein fellingskvote på 1400 dyr vart berre 426 dyr felt, noko som gav ein fellingsprosent på 30,4. Flest dyr vart felt i Lærdal (111 dyr - 39,6 %). For dei andre kommunane vart jaktresultatet slik: Aurland 96 dyr (26,1 %), Hol 90 dyr (23,4 %), Ål 89 dyr (36,6 %), Hemsedal 26 dyr (44,1 %) og Ulvik 14 dyr (21,2 %). Når det gjeld kjønnsfordelinga, er talet på hanndyr 221, medan 205 hodyr vart felt. Av dei felte dyra vart 327 dyr felt nord for fv. 50 Aurland - Hol, og 99 dyr sør for vegen. Spesielt i år var at det vart opna for jakt i tidlegare freda område sør for Bergensbana, på Osafjellet i Ulvik. Dette området høyrer administrativt til Hardangervidda villreinområde, men har dei siste åra vore nytta mykje av rein frå Nordfjella. Av desse flokkane vart det skote 29 dyr – 23 dyr i Ulvik og 6 i Aurland.

### **Jaktoppsynet**

Villreinutvalet hadde 5 mann engasjert i oppsynet under jakta. Desse utførde til saman 67 oppsynsdagsverk I tillegg kom oppsynsteneste utført av Statens Naturoppsyn, politiet og lokalt oppsyn i Hol, til saman 8 dagsverk. Rapporten frå oppsynsleiar syner ein nedgang i skadeskyting i høve til i fjor. 4 skadde dyr sett av oppsyn, 3 avliva av jegerar og 2 dyr funne daude gjev ein skadeskytingsprosent på 0,56, mot 1,6 året før. 5 saker er politimelde, der ei sak gjeld inhuman jakt, ei gjeld feil bruk av kontrollkort, og dei tre siste gjeld funn av dautt eller skadeskoten rein. Regn og skodde øydelagde ein del for jakta i haust. Som ein av dei mest røynde i jaktoppsynet, Gunnar Dokk, skriv i rapporten sin: "Vermessig har forholda vore vanskelege både for jegerar og for oppsynet. 24 dagar av mine 30 oppsynsdagar har vore prega av regn og skodde."

### **Samjaktavtalar og slaktevektar**

98 dyr (23 % av total felling) er felt i andre kommunar enn der som jaktkortet er utskrive, gjennom bruk av samjaktavtalar. Endå meir, 150 dyr, er felt ved bruk av samjaktavtalar innan kvar kommune. Slaktevektene på dyra skil seg lite frå det som har vore vanleg dei siste 10-15 åra. Vaksne simler veg ein kilo meir i år, medan 1 ½ år gamle simler er eit par kilo lettare.

### **Bestanden i balanse**

Sist vinter vart det talt om lag 2500 dyr i Nordfjella villreinområde, og fellingskvoten vart fastsett ut frå dette. Seinare på vinteren gjekk eit snøras som tok med seg ein flokk på 177 dyr nær grensa mellom Hol og Ål, mange av desse drektige simler. Dette vart ikkje oppdaga før lenge etter at fellingskvoten var fastsett. Jakta vart korta inn med 5 dagar som følgje av dette. Når dette tapet av dyr vert lagt til jaktresultatet frå i haust, er ein truleg likevel ikkje så langt frå eit bestandstal på same nivå som for eit år sidan. Strukturtejing gjennomført no i haust syner at kalvetilveksten har vore god i år, medan storbukkandelen i flokkane truleg er i minste laget. Meir om tejingar, jaktstatistikk o.a. finn ein på nettsida [www.villrein.no](http://www.villrein.no)

*Aurland, den 27.10.11*

*Villreinutvalet for Nordfjella*